


Bassisten Tore Nordahl Pedersen med konsert i Dønhaugkjedlaren, fredag 16. november.

11.11.2018



**Dina og Tore Nordahl Pedersen flytta til Uskedalen frå Os for to år sidan. I musikkmiljet på Os er Tore mest kjend som Pederen og han har har spelt i ulike rocke- og danseband på Os og i område rundt. No står bassisten Tore Nordahl Pedersen fram med eige repertoar i Dønhaugkjedlaren fredag 16. november med heile 40 melodiar av rock og pop frå 1960 og 70 talet.**

Fram til om lag år 2000 gjekk Tore over til bassgitar. Før det hadde han spelt sologitar. Overgangen var stor, men inspirert av all den gode musikken som ligg på nettet, hentar han fram låtar og lagar sin eigen musikk i den forma han likar best. Det mest vanlege for ein musikar er at slagverket og bassen ligg på boks. Så står ein fram med sologitar og song. Tore gjer det omvendt. Han spelar bass og syng. Rytmen, korstemmer, saksofon og andre

instrument ligg på boks. Han hentar ned på nettet, miksar og legg til effektar og på den måten får han fram dei beste låtane frå denne tida.

På 1990 talet var Tore Nordahl Pederssen aktiv i Nyglo band. Seinare spelte han i både blues- og countryband. Mora var musikkpedagog og dreiv med pianoundervisning. Broren Morten spelte i rockeband. Noko av det vi får høyra på Dønhaug på fredag, er henta frå musikken til Bluesbreakers. Frå denne gruppa kom Eric Clapton og Peeter Green, begge legender innan bluesmusikken. Mykje av denne musikken er ikkje gamaldags, men faktisk like aktuell i dag som for 30 - 40 år sidan.

Pubkvelden på Dønhaug med bassisten Pederen er ei nyskaping i Uskedalen. Tore reknar med å køyra fyrste settet kring kl. 21. Det vert totalt køyrt tre sett.

Konserten på fredag er på mange måtar ein prøve på noko nytt. Dersom det fungerer vil Tore stå fram med sin musikk i rette miljø og i dertil eigna lokale.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Ronny Nordahl Pedersen